



Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Årsmelding 2025 for Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Årsmøtet

Årsmøtet blei heldt 13. mars på USN Bø

Styret

Styret bestod i 2025 av følgjande medlemerr:

Deilhaug, Hans Christian (leiar)

Hageman, Ellen

Haukelidsæter, Bjørn Olav

Holmboe Høibo, Ingrid

Iversen, Per Tore

Langåsdalen, Lene Kristine

Ragvin, Dag Steinar

Vikje, Hilde Kristine (økonomiansvarleg)

Styremøte i 2025

Styret møttest tre gonger til ordinære styremøte i fjor.

Oppsummering av viktig aktivitet 2025

Lokallaget i Midt-Telemark har det siste året jobba særleg med desse sakene:

Fensprosessen i Nome og Lifjell-planen i Midt-Telemark kommune.

Når det gjeld Fensfeltet i Nome kommune, har me peika på store og alvorlege svakheiter ved sjølve prosessen knytt til deponi- og industriområdeval. Me har peika på behovet for å vurdere område både utanfor og innanfor kommunegrensa, og da slike der naturen anten allereie er heilt eller delvis nedbygd. Vidare har me peika på nødvendigheita av å innhente meir kunnskap knytt til transport, avrennings- og vassdragsrisiko, lagring og handtering av massar, og farar knytt til radioaktivitet. Her er det per i dag uakseptabelt store hol i kunnskapsgrunnlaget.

Områda som kommunen og selskapa konsentrerer seg om, er Bærevann og Vindsås-Nuke. Desse er etter Naturvernforbundets syn fullstendig ueigna til formålet. Vindsås-Nuke har svært store naturverdiar og er svært viktig for samfunnet på Ulefoss som frilufts- og rekreasjonsområde. Bærevann har på si side *uvanleg* store naturverdiar – faktisk i internasjonal klasse (dels gjeld dette også for Vindsås-Nuke) – og er også viktig i friluftslivssamanheng. Me krev at kommunen legg vekk begge områda og heller startar prosessen med områdeleiting på nytt i samarbeid med stat, fylke og andre kommunar.

Frå styret har det vore Deilhaug, Haukelidsæter og Iversen som særleg har arbeid med saka, i tett samarbeid med fylkeslaget v/leiar Helge Granlund og også i samarbeid med sentralledet ved Truls Gulowsen og fagrådgjevar Ingvild Fonn Asmervik. Me deltok på Fensdagane, kommunens innbyggjarpanel i desember, og me har hatt ei rekkje møte og jamleg kontakt med andre engasjerte aktørar frå sivilsamfunnet, særleg Arbeidsgruppa for Fensfeltet. Me sendte naturlegvis også høyringssvar i september saman med fylkeslaget og Naturvernforbundet nasjonalt.

Saman med fylkeslaget og sentralledet, Natur og Ungdom, sendte me brev til kommunen med krav om at saka utgreiast betre, at staten får ei større rolle i prosessen, og at dei bestemte deltemaa nemnt ovanfor, blir utgreidd spesielt godt.

Kommunedelplan for Lifjell

Lokallaget har dette året teke til orde for at kommunen må skrinleggje planane, og me fekk med oss fleire andre naturorganisasjonar, studentlag og politiske parti lokalt til å krevja det same. Me arrangerte demonstrasjon på Bø torg og bokbad på Bø bok og papir laurdag 14. juni. Til bokbadet var biolog og forfattar Mikkel Soya Bølstad invitert for å snakke om boka «Villmarka rundt hjørnet» han har skrive, og generelt dreidde samtalen seg om tema som nærnatur og naturtap. Mange møtte opp og folk

var godt fornøgde. Til demonstrasjonen hadde me Irja Godal, Vidar Sundstøl, og Sara Johanne Rivenes og Isabel Kvalvik frå studentmiljøet, til å halde appellar, og om lag hundre personar møtte opp (stor takk til alle som mobiliserte!). Dessverre førte ikkje demonstrasjonen og motstand elles til at politikarane ombestemte seg to dagar etterpå i kommunestyret, men samarbeidet med dei andre organisasjonane var godt og det var eit ønskje om å halde det fram og ikkje gje opp kampen sjølv om akkurat dette slaget blei tapt.

Ein stor takk må også rettast til eitt av våre ordinære medlemer i lokallaget, Merete Nordbø, for den framifrå innsatsen ho la ned i samband med arrangement, møte, sosiale media, og mobilisering. Stor takk også til appellantane og til Stefanie Reinhardt i samband med bokbadet.

Utkast til naturmangfaldplan for Midt-Telemark kommune

Lokallaget blei førespurt om å koma med innspel til kommunens arbeid med naturmangfaldplan på eit tidleg stadium. Me peika blant anna på at det er eit stort behov for å få eit meir oppdatert kunnskapsgrunnlag med omsyn til både naturtypar og artar (særleg insektpopulasjonar), samt at kommunen i nye kartleggingar særleg bør sjå på grenseområda mot andre kommunar (t.d. Stoklandsheia og Nysefjell-Liagrend). Me peika au på behovet for betre administrative føresegner, til dømes innføring av søknadsplikt/meldeplikt for hogst i område som er under behandling i arealsaker (her utgjør Haukvik-saka frå nokre år tilbake eit trist eksempel på kva som kan skje om slike føresegner ikkje finst).

Søknad om oppgradering av kraftverk ved Oterholtfossen

Lokallaget sendte høringsfråsegn til NVE i samband med førespurnad frå Telemark Energi om oppgradering av eksisterande kraftverk ved Oterholtfossen. Me peikte i svaret vårt på at tiltaket må bli omfatta av konsesjonsplikt og at kunnskapsgrunnlaget må oppdaterast og utvidast. Gledeleg nok anbefalte også fylkeskommunen og Statsforvaltar konsesjonsplikt for tiltaket, og dei fleste andre høringspartar var også kritiske til tiltaket slik det var skildra i søknaden til Telemark Energi. NVE vedtok heldigvis til slutt at tiltaket er konsesjonspliktig.

Midt-Helgen Næringsområde

Det er planlagt etablering av næringsområde i ein skoglokalitet i Helgen i Nome kommune. Deilhaug, Haukelidsæter og Ragvin var på synfaring i området og vurderte at lokaliteten har verdiar som bør ivaretakast, både som turområde og i tilknytning til naturverdiar. Den eksisterande reguleringa er også gamal (frå slutten av syttitalet), og burde derfor ha vore gjenstand for planvask, og det er etter vårt syn ikkje vist til noko klart samfunnsbehov for å etablere eit næringsområde på denne lokaliteten no. I tillegg vil også ei rekkje husstandar bli direkte råka av planane. Følgjeleg var det vår meining at planane bør skrinleggjast, noko me gav beskjed om i høyringssvaret vårt.